



Alver kommune v/Plan og byggesak
Mette Robertsen
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar: b1b4f411-f03d-4ded-9a72-272aef5c79e8	Linda Hammersvik Folkestad	26.01.2022
Vår: 22/269 - 22/7471	linda.folkestad@alver.kommune.no	

Uttale - søknad om svømmebasseng - gbnr 445/352 Manger nedre

Tiltak:	Svømmebasseng med overbygd uteplass, levegger og murar
Byggjestad:	Gbnr: 445/352
Tiltakshavar:	Jan-Helge Lavik
Ansvarleg søkjar:	Smartcon AS

Saka gjeld søknad om løyve til etablering av prefabrikkert svømmebasseng, levegger med enkelt overbygd tak, samt oppføring av to murar. Eigendommen ligg i Manger på Radøy, i et område hovudsakleg beståande av småhusbusetnad. Basseng skal sikrast med skyvbart overbygg, og tiltaket medfører ingen endring av eksisterande vann- og avløpsanlegg på eigendommen. Det føreligg utsleppsløyve, samt avstandserklæring knytt til oppføring av leveggar. Arealet på tomten er 1 552m². Beregnet grad av utnytting vil være 15,3. Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 25 % BYA.

Uttale:

Vatn og avløp

Når det gjeld tilknytning til vatn og avløp er det ei vesentleg endring i forhold til dagens situasjon. Endringa utløyser krav om søknad. Tiltakshavar må ta kontakt med røyrleggar som må sende inn rørleggarmelding for ny situasjon. Tiltaket utløyser også krav om vassmålar på hovudinntaket.



Avløp frå basseng kan ikkje førast på spillvassleidning. Det finnes ikkje overvassanlegg som utslepp frå basseng kan koples til, då dette kun går til infiltrasjon i veg.

Det ligg kommunalt leidningsnett i veg. Det er krav om søknad om dispensasjon frå avstandskrav på 4,0 meter for tiltak som kjem nærare enn dette (jf. Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser pkt. 3.4 1.ledd). Etter det vi kan sjå skal mur ha ei minste avstand frå kommunalt leidningsnett på ca 3 meter. Dette utløyser krav om søknad. Med søknad skal det leggst ved lengdesnitt gjennom mur (del av mur som kjem nærmast veg og leidningsnett). Lengdesnitt skal være målsatt og vise avstander og høgder. Ein må også gjere rede for korleis ein har tenkt å fundamentere mur for å hindre utrasing ved arbeid på kommunalteknisk anlegg.

Dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg:

I følgje innsendt søknad vil støttemur få ei avstand frå midt kommunal veg på 2,2meter. Minste avstand mellom mur og grense mot veg er oppgitt å være 0,5 meter. Målsatte avstandene er vist på situasjonsplan

vedlagt søknad. Veg det søkast om dispensasjon for, er ei privat fellesveg og ikkje kommunal veg (sjå kartutsnitt – privat veg blågrøn strek, kommunal veg oransje strek).



Slik søknad ligg føre kan Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning ikkje gje ei endeleg uttale i saka. Vi ber om at det vert inn ei revidert søknad som gjeld kommunal veg. I søknad må ein oppgi minste avstand til vegmidt. Ein må finne ut kva del av mur som kjem nærast kommunevegen. Dette skal være vist på målsatt situasjonskart. Her skal ein nytte VA kart grunna avstand til kommunale leidningar. Med søknad må det leggest ved lengdesnitt som viser dette punket.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hogne Askeland

Mottakarar:

Alver kommune v/Plan og byggesak Postboks 4

5906

FREKHAUG